Sunnfjord kommune

# Prosjektgruppe for politisk organisering

## Møtereferat 05.02.18

| **Møtedato:** | **05.02.2018** | **Møtestad:** | Møterom Anga – Førde rådhus |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Åsmund Berthelsen<br>Håkon Myrvang<br>Kari Valle<br>Kari Iren Birkeland<br>Gunn Merete Paulsen<br>Oddmund Klakegg<br>Mathias Råheim<br>Olve Grotle<br>Norunn Lunde Furnes<br><br>Ole John Østenstad<br>Malin Moldestad<br>Øystein Høyvik (sak 2) | |

| **Møteleiar**: | Åsmund Berthelsen | **Møtereferent**: | Malin Moldestad |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Gjennomgang og godkjenning av referat frå førre møte**<br>• Gjennomgått og godkjent | | |
| 2 | **Opplegg for temadag 16. februar**<br>• Ole John Østenstad og Øystein Høyvik presenterer program utarbeidd av Kristine Hernes (KS)<br>• Administrasjonen har ikkje fått politikarar frå andre kommunar<br>• Ønskjer at t.d. varaordførar frå våre kommunar har ein kort presentasjon om politiske organiseringa i sin kommune<br>• Framleis ønskje om at ein ekstern politikar skal delta, gjerne frå kommunesamanslåing som er i same situasjon.<br>  ○ Administrasjonen vil halde fram arbeidet og prøve å hente inn eksterne politikarar | OJØ, ØH | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Vil ikkje utsette møtet, alternativt kan eksterne politikarar delta gjennom skype. | | |
| 3 | **Tydeleggjering av milepælar/framdrift i prosjektdirektivet**<br>• Gjennomgang og drøfting av prosjektdirektivet<br>• Mål for prosjektet<br>  o Effektmål om ein styringsdyktig kommune og politisk kontroll vart fremja og drøfta<br>  o Nytt resultatmål om etablering av kunnskapsgrunnlag<br>  o Måla er ikkje heilt spikra<br>• Viktig at ungdomsråda blir involvert, vi må ta initiativet<br>  o Forslag om å organisere eit fellesmøte for ungdomsråda<br>• Milepælsplan<br>  o Det vart lagt til at forslaget til hovudmodell (mars) skal få tilbakemelding frå fellesnemnda.<br>  o Avklaring om kommunedelutval. Behov for utgreiingar. Det må avklarast kva politisk prosjektgruppe som skal arbeide med dette temaet. Truleg mest naturleg at prosjektgruppa som arbeider med den politiske hovudstrukturen også avklarar dette spørsmålet.<br>  o Milepælsplanen vart godkjent | | |
| 4 | **Gjennomgang av nokre modellar i andre kommunar**<br>• Diskusjon om planutval<br>  o Ordførarane orienterer om dagens praksis i sin kommune<br>• Drøfting av politikarrolla i ny kommune<br>• Gjennomgang av den politiske organiseringa i Stange kommune og Askim kommune | | |
| 5 | **Innspel frå Per Kjelstad om eldreråd**<br>• Ole John Østenstad orienterer om innspel frå Per Kjelstad<br>  o Ønskje om eige eldreråd | | |
| 6 | **Eventuelt**<br>• Møtet 12. februar vert avlyst<br>• Innkalling og informasjon i denne prosjektgruppa går via e-post | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 7 dagar etter utsending.*